



Bilete syner ope råk der elva går frå Mnnsvatn og ned til inntaksdammen.

Sunnhordland Kraftlag (SKL) melder frå om den generelle faren det er å ferdast på regulerte vatn. I Uskedalen gjeld dette i Tverrelva Kraftverk sitt nedslagsfelt rundt Mannsvatn. Eit regulert vatn som Mannsvatn vil ofte ha område med ope vatn og utrygg is. Dette gjeld særleg ved dammen i innløpsosen.

Tverrelva Krafverk gjer merksam på at ved smelting kan det liggja att isflak. Ein må ikkje prøva å gå på desse. Ved nedtapping av Mannsvatnet kan det vera ein fare med at at isen langs landet heng i lause lufta og lett kan brotna.

Plassane med særleg fare er skilta.

Tekst/nett: Kristian Bringedal (etter pressemelding frå SKL)

Foto: Steinar Haugland